

Årsmøte

i Rogaland Ungdomslag

**Ølen Ungdomslag,
20. mars 2010 kl. 11.30**



Rogaland



Ungdomslag

Saksliste

- Sak 1 Godkjenning av innkalling, saksliste og stemmerett
Sak 2 Val av møtefunksjonærer:
a) Møtestyrarar
b) Referent
c) Teljenemnd
d) To til å skrive under møteboka
Sak 3 Årsmelding
Sak 4 Rekneskap 2009
Sak 5 Arbeidsprogram for år 2010
Sak 6 Revidert budsjett 2010
Sak 7 Budsjett 2011
Sak 8 Årspengar for 2011
Sak 9 Val

Program

Laurdag 20. Mars

Kl. 10.45 Frammøte for fotografering av faner.

Kl. 11.00 Enkel servering

Kl. 11.30 Årsmøtet startar

Kl. 12.30 Anders Slaatsveen frå Norske Kulturbygg. Tema er :'' Ungdomshuset - ein aktiv kulturarena for framtida!''

Kl. 14.30 Lunsj

Kl. 15.30 Årsmøtet held fram

Kl. Årsmøtet avsluttast

Frist for å melde seg på årsmøte er 6. mars til Kjell Tveit

e-post: kjelltv@online.no [Telefon 90141246](tel:90141246)

Prisar

Årsmøtet laurdag kostar kr 150,- per person.



Årsmelding for år 2009

Tillitsvalde i Rogaland Ungdomslag

Styret

Leiar	Audun Emil Fatland	Haugesund Mållag og Ungdomslag
Nestleiar	Bente Kleppe	Ølen Ungdomslag
Kasserar tilsett	Kjell Tveit	Haugesund Mållag og Ungdomslag
Skrivar tilsett	Kjell Tveit	Haugesund Mållag og Ungdomslag
Styremedlem	Gro Sørensen	Kvinnerland Frilynde Ungdomslag
Styremedlem	Bernt Skrede	Haugesund Mållag og Ungdomslag

Varamedlemmar

1. vara	Berit Ormseth	Rossabø Folkedanslag
2. vara	Jostein Apeland	Sandeid UL

Barne- og Ungdomsnemnd

Bunadnemnd

Daghild Håvardsholm	BUL Stavanger
Ragnhild Ødegård	BUL Stavanger
Eli Olsen	BUL Stavanger

Folkedansnemnd

Teaternemnd

Bernt Skrede	Haugesund Mållag og Ungdomslag
Jostein Apeland	Sandeid UL

Ettersynsfolk

Oddvin Emmerhoff	BUL Stavanger
Magne Hope	BUL Stavanger

Valnemnd

BUL Stavanger
UL Skjoldafjord

PUH-kontakt

Knut Nymark

Representasjon.

Audun Emil Fatland

- NU-årsmøte
- RU-årsmøte
- Suldal Ungdomslag-årsmøte
- Storkurs i Farsund
- Ledersamling og jubileumsrevy i RAT
- Julebordrevy i Vikedal
- Premiere på Den svevande jomfru i Skjold.
- Lokallagssamling i Skjold
- Valgnemnda i NU
- Søndagsdans

Bente Kleppe

- RU- årsmøte
- Landsrådmøte i Bergen
- Lokallagssamling i Skjold.
- Jubileumsfest i Rossabø Folkedanslag

Bernt Skrede

- NU- årsmøte
- RU- årsmøte
- Fagseminar i Bergen
- Lokallagssamling i Skjold

Berit Ormseth

- RU- årsmøte
- Storkurs i Farsund
- Søndagsdans

Kjell Tveit

- RU- årsmøte
- Lokallagssamling i Skjold

Gro Sørensen

- Premiere på Tusen Tommeltottar i Sandeid

Jostein Apeland

- RAT-årsmøte
- RU-årsmøte
- Lokallagssamling i Skjold

Daghild Håvardsholm

- Draktutstilling i Mandal
- Stavanger Museum
- Stand på BUL-messa

Ragnhild Ødegård

- Draktutstilling i Mandal
- Stavanger Museum
- Stand på BUL-messa

Eli Olsen

- RU – årsmøte
- Draktutstilling i Mandal
- Stavanger Museum
- Stand på BUL-messa

Årsmelding frå styret.

Medlemstal pr. 31/12-09 i flg. NU var totalt 707 (650) derav 149 (165) var born og ungdom og 558 (485) vaksne.

	Barn	Ungdom	Voksne	Total
18-001 BONDEUNGDOMSLAGET I STAVANGER	1	11	135	147
18-003 MIDTBYGDENS UL	0	5	23	28
18-004 VIKEDAL UL	0	1	15	16
18-006 HAUGESUND MÅLLAG OG UNGD	3	18	83	104
18-007 KVINNESLAND FRILYNDE UL	15	2	38	55
18-008 UL SKJOLDAFJORD	0	0	15	15
18-010 LYEFJELL UNGDOMSLAG	10	1	6	17
18-011 SANDEID UL	12	13	30	55
18-012 TUNHEIM UL	0	0	9	9
18-013 ROSSABØ FOLKEDANSLAG	13	4	49	66
18-016 NÆRBØ FOLKEDANSLAG	0	0	14	14
18-020 KLEPP LEIKARRING	0	0	31	31
18-024 UL HEIM	0	0	11	11
18-060 ØLEN UL	4	1	26	31
18-061 KROSSHAUG UL	0	1	20	21
18-062 SULDAL UL	15	19	53	87
Sum	73	76	558	707

Suldal Ungdomslag har meld seg inn i Noregs Ungdomslag og RU.

Me ynskjer dei velkomne som de tredje største laget i fylke med totalt 87 medlemmer.

Styret har handsama 74 saker på 8 styremøte i 2009.

Sørvisorgan:

- **Gi tilbud til lokallaga om opplæring innan dei tema på storkurset og det lokallaga viser interesse for.**
 - Fylkeslaget har som kjent heilt frå valet på sist årsmøte ikkje hatt fulltalige nemnder. Styret har difor fordelt oppgåvene, som har fungert godt.
 - Storkurset som Vest Agder UL aranskjerte i Farsund i slutten av januar var eit vellykka kurs med deltakarar både frå styre og lokallag i Rogaland, bare positive tilbakemeldingar.
 - Styret brukte mykje tid og pengar på å få til ungdomssamlingar i Stavanger og Haugesund der tema skulle vara teater og folkedans. Samlingane var planlagt i 2008. Me måtte avlysa begge samlingane på grunn av for få påmelde. Me prøvde å få til ei "Haustsprettssamling" i Haugesund, frå 10 år og oppover. Også denne samlinga måtte avlysast på grunn av for få påmelde.
 - Lokallagssamlinga på Skjold Bygdahus der tema var teater/revy og støtteordningar var ei vellykka samling med over 40 deltakarar. Per Inge Torkilsen, samt Alf Steinar Nekstad frå NU kontoret var forelesarar.
 - Samling av dansarar frå lokallaga i nordfylket til felles samlingar.
 - Styret har vore tilgjengelege for innspel frå lokallaga, og vidare sendt informasjon som har vore aktuell.

- **Vedlikehalde og gjera heimesidene til fylkeslaget nyttige for lokallaga.**
 - Heimsida har Kjell Tveit og Audun Emil Fatland tatt på seg arbeidet med å oppdatera.
 - Noen lag er flinkare en andre til å koma med stoff om sine tilstelingar.

- **Fordeling av pengane som blei sat av til aktivitetsstøtte på siste årsmøte.**
 - Sju lag søkte om fem tusen kvar til forskjellige aktivitetar, alle aktivitetane var innafor rammene som er sett opp. Dei laga som fekk støtte var: Haugesund Mållag og Ungdomslag, Rossabø Folkedanslag, Sandeid Ungdomslag, Midtbygden Ungdomslag, Krosshaug Ungdomslag, Klepp Leikarring og Kvinnesland Frilynde Ungdomslag.

Bindeleddet:

- **Delta på samlingar og møter utanfor Rogaland.**
 - 2 utsending til NU sitt årsmøte på Hamar.
 - 1 utsendingar landsrådsmøte i Bergen.

- **Halde kontakt med lokallaga.**
 - Leiar og nestleiar har prøvd å få til møte med dei laga me ikkje har besøkt. Laga er positive men av forskjellige årsaker har me ikkje fått det til å passa.
 - Har snakka med leiarane i lokallaga over telefonen og elles.
 - Alf Steinar Nekstad frå NU kontoret og leiaren RU var på årsmøtet til Suldal Ungdomslag då dei melde seg inn i NU og RU. Me fortalde om fordelane det er å vara medlem, til dømes støtteordningar og kurs.

- Har og fått informasjon om aktivitetane i laga, mykje bra aktivitet.
- Etter invitasjon frå lokallaga har styre vore representert på jubileumsfestar og premierer.
- **Formidle informasjon til og frå lokallaga/NU.**
 - Sendt ut referat frå styremøta.
 - Har formidla informasjon om støtteordningar til kurs, aktivitetar og liknande.

Barne- og ungdomsarbeidet.

Barne- og ungdomsnemnda i Rogaland Ungdomslag har i 2009 ikkje hatt noko styre eller nemnd. Gro Sørensen har vore kontaktpersonen frå styret.

Rogaland Ungdomslag vil i lag med fylkeslaga i Agder og Telemark samarbeida om barnestemna etter same modell som storkursa. Det er sett opp ein tidsplan og først ute er Rogaland. Kvinnesland Frilynde UL og to frå styre i RU er i gang med planlegginga. Ein innleidd folkedansinstruktør, har i haust vore på fem barne/ungdomsskular og presentert ”Danselyst”. Dette er eit undervisningsoppleg utarbeid av Noregs Ungdomslag for bruk i skulane. Instruktøren var ein dag på kvar skule der ho undervise elevane og fortalde lærarane litt om opplegget. Kvar skule fekk kvar sitt undervisningsmateriell med CD og DVD. Tilbakemeldingane var gode både frå skulane og instruktør. Planen er å ha ein oppfølging til våren.

Lag med danseaktivitet for Barn og ungdom: Rossabø Folkedanslag, Lyefjell Ungdomslag og Kvinnesland Frilynde Ungdomslag

Folkedansarbeidet.

Folkedansnemnda har i 2009 ikkje hatt noko styre eller nemnd. Berit Ormseth og Audun Emil Fatland har vore kontaktpersonane frå styret.

Styret gjennomførte ein samlingar med leik og dans på Sandeid Samfunnshus Men det kunne ha vore betre frammøte frå lag som ikkje driv med folkedans, dei fleste var frå Haugesund.

Studiearbeid.

Storkurs:

Fylkeslaga i Aust-Agder, Vest-Agder, Telemark og Rogaland UL inviterte den 23. – 25. januar 2009 til storkurs i Farsund.

Tema var: Aspirantkurs: Folkedans
 Heimeside
 Tradisjonssmakkurs: Smak av minst 100 år gamle tradisjonar
 Kurs for uerfarne instruktørar i barnelag
 Frå hav til hei: Folkedraktar og sylvkunst i Vest-Agder
 Korleis drive, utvikle laget/huset best mogleg?
 Teaterkurs 1: Sminke
 Teaterkurs 2: Revykreativitet

Påminning til lokallaga om støtteordningar og tidsfristar.

Studieaktiviteten har vore mindre i 2009 enn den var året før. 10 (11) lag har meldt inn kurs i 2009. Dei har fått utbetalt kr.73.140,-(86.250.-) fordelt på 33 (41) kurs.

Teaterarbeid.

Ein har hatt ein del visjonar for teaterarbeidet. Målet dette året har vore å få til samlingar med teater og dans. Første samlinga var lagt til Stavanger 14.-16. mars 2009. Her kunne me fått til ei fin helg for ungdom over 14 år. Spanande og dyktige kurshaldarar både innan dans og teater. Samlinga måtte diverre avlysast pga manglande deltakarar.

Styret fekk signal på årsmøtet at kanskje var aldersgruppa ”ungdom” vanskeleg å nå. Difor la ein seg ned i alder, og kombinerte det med arrangementet ”Haustspretten” i Haugesund 18.-20. september 2009. Også her fekk ein manglande påmeldingar og måtte avlysa.

Lag med teateraktivitet for Barn og ungdom: Sandeid U.L.

Bunadsarbeid.

Årsmelding 2009 for bunadnemnda i Rogaland Ungdomslag.

Bunadnemnda hadde i 2009 3 medlemmer: Daghild Håvaradsholm (leiar), Eli Olsen og Ragnhild U. Ødegaard.

Me har hatt 6 styremøter.

Kurs: Våren -09 hadde me kurs i saum av skjøteliv/-trøye til kvinnedrakt frå Ryfylke med 9 deltakarar.

Hausten -09 hadde me kurs i saum av skjøteliv/-trøye med 5 deltakarar.

Me har hatt møte med Nordaker Bunader A/S i samband med at me ynskjer at dei kan ta over ansvaret for å skaffa dei stoffa som trengs til kvinnebunaden. Dei er positive, men det står att ein del arbeid før me kan få til ein ferdig kontrakt. Det same gjeld for dei som er interessert i å sy bunaden. Dei har vært med på desse møta.

06.05 var me på Stavanger Museum saman med Nanne Støhlmacher frå Mandal Veveri og Ingeborg Djuvik frå Nordaker Bunader A/S. Me såg på det som fanst av stoff og fargar som er interessant for Mandal Veveri. Dei er i gong med produksjon av fleire spanande nye stoff.

17.06 reiste bunadnemnda saman med Ingeborg Djuvik og Jeichien Stapel, som er vår kontaktperson på Stavanger Museum, til Mandal. Der skulle dei opna ei stor draktutstilling, og me fekk spesialomvisning i utstillinga. Me var og på Mandal Veveri, og fekk omvisning der, og me fekk studera alle dei ne stoffa det arbeider med. Desse kan vera aktuelle for oss. I tillegg var me innom Husfliden i Mandal. Dei har kopiert ei bruredrakt frå 1809 som ikkje er så ulik vår kvinnebunad, og denne har dei i produksjon.

08.09 var Magasinet ”Bunad” i Stavanger for å laga reportasje om kvinnebunaden. Me hadde klart å skaffa 5 unge ”mannekengar”, og etter ei økt på museet for å fotografera dei gamle plagga som er grunnlaget for bunaden, blei jentene og eit par av dei gamle fotografert i timevis. Resultatet kom i desembernummeret av bladet, og me er svær nøgde med omtalen.

20. – 21.11. hadde bunadnemnda stand på BUL-messa som vanleg.

Det er sydd ein ny modell av livet til kvinnebunaden, i blå tofarga damask; eit av dei nye stoffa frå Mandal Veveri. Me fekk stoffet gratis for å prøva det ut.

Sak 5

Forslag til arbeidsprogram for 2010.

RU skal

- Så langt som råd gi tilbud om opplæring innan dei tema lokallaget viser interesse for.
- Vedlikehalde og gjera heimesidene til fylkeslaget nyttige for lokallaga.

RU skal vera bindeleddet mellom lokallaga og Noregs Ungdomslag gjennom å:

- Delta på samlingar og møter utanfor Rogaland.
- Halde jamleg kontakt med lokallaga.
- Formidle informasjon til og frå lokallaga/NU.

RU skal gjennom arbeid i dei ulike nemndene skape nettverk mellom enkeltmedlemmer og lokallag innafor fylke.

Barne- og ungdomsarbeidet.

Planlegga og gjennomføra Barnestemne i Tysværvåg saman med Kvinnesland Frilynde U.L. juni 2010. Følgje opp samarbeidet med Telemark og Agder-fylka når det gjeld vidare barnestemner

Fylgja opp undervisningsprosjekt på skular og i barneleikarringar i fylket, med utgangspunkt i undervisningsopplegget Danselyst.

Støtta dei lokallaga som vil reisa på stemne/kurs.

Folkedansarbeidet.

Forsetja med søndagssamlingar for interesserte dansarar i nord fylket. Gje råd og veiledning og hjelp til å finna instruktørar ol. når lokallaga treng det.

Studiearbeidet.

Samarbeidet med Telemark og Agder-fylka vil halda fram.

Arrangera lokallagssamling hausthalvåret.

Hjelpa lokallaga med å arrangera kurs og skaffe instruktørar. Gje økonomisk støtte til dei lokallaga som treng og vil noko!

Bunadsarbeidet.

- Våren -10: kurs i saum av skjøteliv/-trøye.
- Evt. Kurs til hausten.
- Vidare arbeid for å få avtaler med Nordaker Bunader A/S og med syarar.

Teaterarbeidet.

RU skal jobba mot ei samling/kurs på haustparten. Styret har diskutert litt "kjendiseri" for å trekkja folk. Ein har og diskutert om ein skulle jobba mot vaksne som kan tenkja seg å starta opp med ev. dans eller teater.

Sak 9

Årspengar for 2011

Årsmøte til Noregs Ungdomslag vedtok i 2009 ein nye felles kontingentsstruktur . Dvs med ein sats pr medlem over og under 26 år, samt ein eventuell lagskontingent

Styret foreslår ein sats på kr. 40 pr medlem over 26 år og 20 kr. for dei under 26.

Styre foreslår og ingen lagskontingent.

Sak 10

Val

